DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 19 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Samferdselsdepartementet

Tilråding frå Samferdselsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyvingar for programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått nye eller endra fullmakter under administrasjon, luftfartsformål, særskilde transporttiltak og jernbaneformål.

2 Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

I 2026 er det løyvd 43 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9,5 mill. kr. Føresetnadene har endra seg samanlikna med det som blei lagt til grunn for statsbudsjettet 2026. M.a. har den norske krona styrkt seg i høve til euro, som mange kontingentar blir betalt i.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 71 Noregs forskingsråd

I 2026 er det løyvd 65,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 14 mill. kr fordi Noregs forskningsråd har redusert anslaget sitt for utbetalingar.

Auka tilsegnsfullmakt

Samferdselsdepartementet har i 2026 ei tilsegnsfullmakt med ei samla ramme for gammalt ansvar og nye tilsegn på 194 mill. kr. Departementet foreslår å auke tilsegnsfullmakta med 9,5 mill. kr til 203,5 mill. kr på grunn av forslaget om å redusere løyvinga i 2026, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 72 Noregs forskingsråd – NTP-formål

I 2026 er det løyvd 62,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 17,5 mill. kr fordi Noregs forskningsråd har redusert anslaget sitt for utbetalingar.

Auka tilsegnsfullmakt

Samferdselsdepartementet har i 2026 ei tilsegnsfullmakt med ei samla ramme for gammalt ansvar og nye tilsegn på 337 mill. kr, jf. Prop. 96 S (2025–

2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* og Innst. 450 S (2025–2026). Departementet foreslår å auke tilsegnsfullmakta med 7,5 mill. kr til 344,5 mill. kr på grunn av forslaget om å redusere løyvinga i 2026, jf. forslag til romartalsvedtak.

3 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

I 2026 er det løyvd 2 498,8 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 35,5 mill. kr.

Avtalane om kjøp av regionale flyruter opnar for reforhandling ved vesentlege endringar i skattar og avgifter. Widerøe har fremja krav om reforhandling på grunn av auka offentlege avgifter i 2024 og 2025. Avgiftsendringane har ført til dokumenterte meirkostnader for selskapet som det ikkje var tatt høgd for i tilboda. Etter fråtrekk i vederlaget knytt til regularitet utgjer grunnlaget for utbetaling 56,2 mill. kr. Delar av kravet blir dekt innanfor disponibel løyving på posten.

Kap. 1315 Avinor

Post 71 Tilskot til pålagde oppgåver

I 2026 er det løyvd 2 221,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 32,5 mill. kr.

Utgiftene både til bygginga av den nye lufthamna ved Mo i Rana og i Bodø har auka. For den nye lufthamna ved Mo i Rana kjem det i hovudsak av høgare prisvekst enn tidlegare lagt til grunn, medan det oppdaterte behovet til flyttinga av Bodø lufthamn kjem av ei oppdatert avrekning og prisregulering av det statlege tilskotet til prosjektet.

Ny tilsegnsfullmakt

Den nye lufthamna ved Mo i Rana er planlagd med satellittbaserte innflygingsprosedyrar. Denne løysinga oppfyller dei gjeldande tryggleikskrava for luftfarten. Utviklinga med auka fare for forstyrringar i satellittbaserte navigasjonssystem har likevel aktualisert behovet for ei reserveløysing. Eit instrumentlandingssystem (ILS) vil gi meir robust navigasjonsinfrastruktur. Det kan òg betre den vêrmessige tilgangen til lufthamna.

Eit instrumentlandingssystem inngår ikkje i det opphavelege prosjektet, og det er derfor ikkje omfatta av styrings- og kostnadsramma for bygginga av lufthamna. Avinor anslår kostnaden for å etablere instrumentlandingssystemet til 125 mill. kr. Anslaget er øvre kostnadsramme tilsvarande P85-estimat.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen ei tilsegnsfullmakt på 125 mill. kr til å etablere instrumentlandingssystem på den nye lufthamna ved Mo i Rana, jf. forslag til romartalsvedtak. Tilsegn blir gitt med atterhald om at det er i samsvar med og innanfor rammene av reglane om offentleg støtte, inkludert vilkåra i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).

Post 72 Tilskot til null- og lågutsleppsluftfart

I statsbudsjettet for 2026 er det løyvd 40 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kr.

Å legge til rette for innovasjon og teknologiutvikling er hefta med betydeleg uvisse for tidsplanar og budsjettering. Det var planlagd to demonstrasjonsprogram av luftfartøy i 2026. Eit av desse blei ikkje vidareført fordi det aktuelle luftfartøyet ikkje ville vere tilgjengeleg i den planlagde testperioden. Det var då ikkje nødvendig å gjennomføre større investeringar i infrastruktur.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

I 2026 er det lagt til grunn inntekter på 175,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7,5 mill. kr.

Aktivitetsnivået blir i 2026 lågare enn føresett, noko som gir lågare gebyrinntekter. Dette gjeld særleg godkjenning av Part-IS-søknader og securitygodkjenningar av transportørar og tryggingspersonell. Part-IS er eit nytt regelverk som skal verne flysikkerheita i luftfarten mot digitale truslar. I tillegg har konkursar ved fleire flyskular ført til lågare inntekter. Dette påverkar igjen inntektene frå teoriprøver på sertifikatområdet.

Oppmodingsvedtak om hindringar for personar som har funksjonsnedsetting frå å reise med fly

Ved behandlinga av Dokument 8:288 S (2025–2026) og Innst. 460 S (2025–2026) gjorde Stortinget 17. juni 2026 vedtak nr. 1039:

> *«Stortinget ber regjeringen, i samarbeid med relevante aktører og organisasjoner, gjennomgå, identifisere og foreslå forbedringer knyttet til for-*

hold som hindrer personer med funksjonsnedsettelse fra å reise med fly, og melde tilbake til Stortinget innen utgangen av 2026.»

I Prop. 1 S (2026–2027) opplyste Samferdselsdepartementet at det hadde bedt Luftfartstilsynet vurdere og foreslå ev. forbetringar innan 1. november 2026 og ville komme tilbake til saken på eigna måte.

Luftfartstilsynet har i sitt arbeid involvert fleire organisasjonar som representerer personar med funksjonsnedsetting og redusert mobilitet. Vidare har flyselskap, Avinor AS, Sandefjord Lufthavn AS, og Avarn Security AS og Aviator AS (assistanse- og bakketenester) vore involvert i arbeidet.

Luftfartstilsynets svar til departementet verker å stadfeste inntrykket frå stortingsbehandlinga av Dokument 8:288 S (2025–2026) og Innst. 460 S (2025–2026) om at dei største gevinstane på kort sikt vil bli nådd gjennom tiltak som forbetrar etterleving, kompetanse, informasjonsflyt og samhandling innanfor ramma av dagens regelverk. Samtidig meiner tilsynet at enkelte identifiserte problemstillingar bør følgast opp i det vidare arbeidet med utvikling og harmonisering av regelverk, slik at personar med funksjonsnedsetting og redusert mobilitet i størst mogleg grad kan gjennomføre flyreiser på lik line med andre reisande.

Tilbakemeldinga frå Luftfartstilsynet inneheld mange opplysningar om kva syn organisasjonane, flyselskapa og lufthavnselskapa har på dei konkrete problemstillingane departementet tok opp i oppdragsbrevet. I tillegg har Luftfartstilsynet vurdert fleire andre problemstillingar. Brevet gjer at det allereie finst eit grunnlag for å konkretisere oppfølginga av tilrådingane.

Luftfartstilsynet har tilrådd desse konkrete prioriteringane

1. utarbeide nasjonal rettleiing og tolkingsavklaringar på område der aktørane opplever uvisse
2. styrke kompetanse og meir systematisk oppfølging av opplæringskrav
3. betre system for registrering og utveksling av informasjon om assistansebehov gjennom heile reisekjeda
4. tiltak som styrker samhandling og rolleforståing mellom flyselskap, lufthamner, assistanseleverandørar og andre relevante aktørar
5. styrke kunnskapsgrunnlag gjennom betre registrering av avvik, klager og skader på mobilitetshjelpemiddel
6. vidare dialog med nasjonale og europeiske aktørar om utfordringar som krev regelverksutvikling eller harmonisering på tvers av landegrensene

Samferdselsdepartementet vurderer forslaga til tiltak som gode og vil i dialog med Luftfartstilsynet arbeide med å konkretisere korleis dei bør følgast opp. Ansvaret for dette har enten Luftfartstilsynet sjølv, Avinor og andre flyplassar og/eller flyselskapa.

Samferdselsdepartementet reknar med dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

4 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar

I 2026 er det løyvd 11 662,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kr m.a. for utgifter til å rydde opp og reparere vegen etter skredet ved E134 i Etne kommune i Vestland og driftsutgifter på mellombels omkøyringsveg på E6 etter raset ved Nesvatnet i Levanger kommune i Trøndelag.

Statens vegvesen har registrert auka prisvekst innan drift og vedlikehald av riksvegar frå første til andre kvartal, m.a. grunna auka oljeprisar. Vegvesenets vedlikehaldsaktivitet blir noko redusert samanlikna med det som var planlagt, m.a. innan vedlikehald av vegdekke.

Post 32 Fellesprosjektet Vossebana/E16 Arna–Stanghelle

I 2026 er det løyvd 1 150 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 250 mill. kr fordi prosessen for anskaffing av den første tunnelentreprisen i prosjektet har tatt lengre tid enn venta.

Post 67 Militær mobilitet på fylkesvegar

I 2026 er det løyvd 102 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 60 mill. kr.

Det var planlagt å starte bygginga av fire fylkesvegbruer i 2026. Etter ferdig prosjektering viser oppdaterte kostnadsanslag frå fylkeskommunane høgare byggekostnader enn det som låg til grunn for budsjettet. Det er ut frå dette berre mogleg å gi tilskot til to bruer i 2026.

Post 72 Tilskot til riksvegferjedrifta

I 2026 er det løyvd 3 724,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 50 mill. kr. Utbetalingar i nokre kon-

traktar blir lågare på grunn av avvik mellom kontraktskrava og det ferjeoperatøren har levert. Vidare er det venta lågare kompensasjon for utskifting av brannskum i ferjer.

Kap. 4320 Statens vegvesen

Post 05 (Ny) Renter frå forskotsbetaling på ferje

Samferdselsdepartementet foreslår å inntektsføre 131,6 mill. kr som er renteinntekter knytt til AutoPASS for ferje.

Statens vegvesen har avtale med ein tenesteleverandør for levering av tenester for AutoPASS for ferje. Ein av betalingsmåtane bygger på at trafikantar betaler inn forskot for å oppnå rabatt ved bruk av ferje. Etter avtalen skal tenesteleverandøren opprette ein særskild konto for forskotsinnbetalingar frå trafikantane og oppgjer til ferjeselskapa. Det har over fleire år blitt generert renteinntekter på kontoen. Desse har Statens vegvesen krav på. Dei akkumulerte renteinntektene til og med 2025 utgjer 131,6 mill. kr, og dei er no innbetalte til staten.

Statens vegvesen arbeider med å lage ei ny løysing for AutoPASS for ferje etter at gjeldande kontraktsperiode går ut 30. september 2027. Det er venta renteinntekter fram til dette tidspunktet. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til handteringa av renteinntekter som blir opparbeidde etter 2025 i samband med revidert nasjonalbudsjett 2027.

5 Særskilde transporttiltak

Kap. 1332 Transport i byområde mv.

Post 66 Tilskot til byområde

Auka tilsegnsfullmakt

Samferdselsdepartementet har i 2026 fullmakt til å gi tilsegn om tilskot til mindre investeringstiltak på kommunal veg og fylkesveg i byvekstavtalar. Fullmakta er i 2026 på 2 280 mill. kr, jf. Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* og Innst. 450 S (2025–2026). Det er behov for i større grad å ta høgd for uvissa knytt til kostnadene i desse prosjekta. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke tilsegnsfullmakta for 2026 til 2 650 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Dei same føresetnadene er lagt til grunn for fullmakta som er foreslått for 2027.

6 Jernbaneformål

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar

I 2026 er det løyvd 130,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kr. Fleire planar og utgreiingar er sette i gang seinare enn planlagt.

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I 2026 er det løyvd 5 709,8 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 25,6 mill. kr. Det reduserte behovet kjem m.a. av lågare utgifter til bonusutbetalingar til togoperatørane enn det som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2026. Samstundes aukar nokre utgifter. Det gjeld m.a. utgifter i samband med kvikkleireskredet på Nordlandsbanen ved Nesvatnet i Levanger kommune hausten 2025 og kompensasjon for auka infrastrukturavgifter.

Togselskapa betaler Bane NOR SF for tenester dei bruker under sportilgangsavtalane. Persontogselskapa blir kompenserte for auka infrastrukturavgifter over løyvinga på post 70, og vederlaget frå staten til Bane NOR blir justert tilsvarande over post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Statens jernbanetilsyn påla i 2024 Bane NOR å stanse innkrevjinga av påslag på infrastrukturavgiftene, jf. Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2025*. Frå hausten 2026 har Bane NOR gjeninnført påslag på avgiftene. Avgiftene for persontogselskapa er derfor anslått å auke med 133 mill. kr samanlikna med det som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2026. Dette fører til at vederlaget frå staten til persontogselskapa blir tilsvarande høgare, og at Bane NORs inntekter samstundes aukar tilsvarande. Sjå òg omtale under post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Auka fullmakt til kjøp av persontransport med tog

For kjøp av persontransport med tog har Samferdselsdepartementet i 2026 fullmakt til å forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving og gi tilsegn om tilskot innanfor ei samla ramme på 33 180 mill. kr for gamle og nye forpliktingar og med ei ramme for årleg forfall på 6 620 mill. kr, jf. Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* og Innst. S 450 (2025–2026). I fullmakta inngår avtalte forplik-

tingar for staten for trafikkpakkene 1–3, Austlandet 1 og 2 og trafikkavtalane på Ofotbanen og Oslo–Riksgrensa (–Stockholm).

Staten, ved Jernbanedirektoratet, skal inngå ein kortsiktig og mellombels direktetildelt avtale med Vygruppen AS om Trafikkpakke 1 Sør og ein avtale om endringsordre i trafikkavtalen Austlandet 2 knytt til å forbetre togtilbodet på Austlandet frå desember 2027 når dagens flytogtilbod til Oslo lufthamn, Gardermoen, skal innlemmast i den ordinære regiontogtrafikken. Partane forhandlar no. For å ta høgd for auka forpliktingar knytt til å inngå avtalane i 2026, foreslår Samferdselsdepartementet å auke samla ramme for kjøp av persontransport med tog med 3 820 mill. kr til 37 000 mill. kr, og å auke den årlege ramma med 1 870 mill. kr til 8 490 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak. Ved behov for å endre fullmakta i 2027 vil departementet komme tilbake til Stortinget.

Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald

I 2026 er det løyvd 7 659 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 133 mill. kr. Bane NORs inntekter frå infrastrukturavgifter er anslått å auke med 133 mill. kr, jf. omtalen under post 70 Kjøp av persontransport med tog. Dette legg til rette for at føretaket kan vidareføre innsatsen på drift og vedlikehald på uendra nivå.

Post 72 Kjøp av infrastrukturtenester – fornying og mindre investeringar

I 2026 er det løyvd 8 003,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 154,6 mill. kr for å auke innsatsen på fornying av jernbanen. Midlane vil bli betalte som likviditetstilførsel til Bane NOR i 2026. Noko av den auka aktiviteten vil truleg finne stad i 2027.

Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar

I 2026 er det løyvd 8 741,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 350 mill. kr. Forslaget er knytt til meirkostnader ved å reparere jernbanen etter kvikkleireskredet ved Nesvatnet i Levanger kommune hausten 2025. Hendinga skjedde i samband med arbeid i eit prosjekt i effektpakken *Fleire tog på Trønderbanen*, og meirkostnadene blir lagde til denne effektpakka.

Post 74 Tilskot til togmateriell mv.

Auka tilsegnsfullmakt

Samferdselsdepartementet har i 2026 fullmakt til å gi tilsegn om tilskot til ERTMS-ombordutstyr utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for gammalt ansvar og nye tilsegn ikkje overstig 530 mill. kr. Ein gjennomgang av utestående forpliktingar har avdekt at dei ved inngangen til 2025 var høgare enn det som var lagt til grunn for fullmakta i statsbudsjettet for 2026. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke tilsegnsfullmakta til 590 mill. kr i 2026, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 75 Tilskot til godsoverføring frå veg til jernbane

I 2026 er det løyvd 139,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kr. Det reduserte behovet kjem av at det var redusert godstrafikk på Nordlandsbanen og Raumabanen i perioden juli 2025 til juli 2026 etter kvikkleireskredet ved Nesvatnet i Levanger kommune hausten 2025 og raset ved Verma stasjon sommaren 2025.

Post 77 Kompensasjon til godstogselskap etter uventa hendingar

I 2026 er det løyvd 150 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 35 mill. kr.

Den disponible løyvinga på posten i 2026 dekker kompensasjon til godstogselskap etter at Otta bru på Dovrebanen var stengt for trafikk vinteren og våren 2025, kompensasjon til godstogselskap etter raset på Raumabanen ved Verma stasjon sommaren 2025 og kompensasjon til godstogselskap etter kvikkleireskredet på Nordlandsbanen ved Nesvatnet i Levanger kommune hausten 2025.

Kompensasjonen etter hendinga ved Otta bru er venta å bli lågare enn budsjettert. Løyvinga på 150 mill. kr til kompensasjon for hendinga på Nordlandsbanen som blei vedtatt ved Stortingets behandling av Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* og Innst. 450 S (2025–2026), er venta å bli nytta fullt ut.

Departementet legg opp til at kompensasjonen etter skredet på Nordlandsbanen blir utbetalt i 2026, men utbetalinga kan bli forseinka. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at posten får føydd til stikkordet «kan overførast».

Kap. 1358 Norske tog AS

Post 70 Lån

I 2026 er det løyvd 576 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 349,1 mill. kr. Kapitalbehovet er lågare enn det som var lagt til grunn i forslaget i Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2026*, hovudsakeleg på grunn av forseinkingar i levering av nye tog.

Av løyvinga til nye lån til Norske tog AS er 25 pst. på post 70 Lån («over streken»), medan 75 pst. er på post 90 Lån («under streken»), jf. omtalen i Prop. 1 S (2025–2026) for Samferdselsdepartementet. I samsvar med dette opplegget foreslår departementet å redusere løyvingane til lån til Norske tog med i alt 1 396,2 mill. kr, jf. òg forslag om løyving på post 90 Lån. Den samla reduksjonen i løyvingane er fordelt etter gjeldande fordeling mellom post 70 og post 90.

Post 90 Lån

I 2026 er det løyvd 1 728 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 047,1 mill. kr, jf. nærmare omtale under post 70 Lån.

Kap. 4358 Norske tog AS

Post 85 Gebyr

I 2026 er det løyvd 6,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,4 mill. kr.

Norske tog AS skal kompensere Samferdselsdepartementet for kostnadene ved å administrere låneordninga. Gebyret blir betalt når Norske tog trekker på den statlege låneramma. Gebyrnivået er i 2026 sett til 0,1 pst. av trekt beløp på låneramma. Det lågare anslaget for gebyrinntekter heng saman med eit redusert behov for lån, jf. omtale under kap. 1358, post 70 Lån.

Kap. 5641 Renter frå Norske tog AS

Post 80 Renter

I 2026 er det løyvd 399,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 38,6 mill. kr.

Norske tog AS betaler renter på lån frå staten og dei obligasjonane som staten kjøpte tilbake frå marknaden i september 2025. Det lågare anslaget heng saman med redusert behov for lån, jf. omtale under kap. 1358, post 70 Lån. Renteinntektene frå dei uteståande obligasjonane, utgjer 196,5 mill. kr av dei totale renteinntektene.

7 Posttenester

Kap. 4370 (Nytt) Posttenester

Post 70 (Ny) Tilbakebetaling posttenester

Samferdselsdepartementet foreslår å budsjettere med 221,9 mill. kr i inntekter for tilbakebetaling og renter frå Posten Bring AS for statleg kjøp av posttenester i 2025.

I 2025 blei det utbetalt 1 633,8 mill. kr for kjøp av posttenester frå Posten Bring. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov på 1 426,0 mill. kr til kjøp av posttenester, noko som er 207,8 mill. kr mindre enn det som blei utbetalt i 2025.

Det lågare kompensasjonsbehovet i 2025 kjem i hovudsak av kostnadsreduserande effektiviseringstiltak som Posten Bring gjennomførte på kommersielt grunnlag. Tiltaka omfatta m.a. reduksjon i talet på årsverk innanfor stab- og støttefunksjonar. Dette førte til lågare nettokostnader enn lagt til grunn for løyvinga.

Departementet legg opp til at Posten Bring betaler tilbake kompensasjon for 2025 på 207,8 mill. kr. I tråd med praksis frå tidlegare år legg departementet òg til grunn at Posten Bring betaler rente. Rentebeløpet er rekna til 14,1 mill. kr. Dette inneber at Posten Bring skal betale tilbake i alt 221,9 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Samferdselsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med	9 500 000
		frå kr 43 000 000 til kr 33 500 000	
1301		Forsking og utvikling mv.:	
	71	Noregs forskingsråd*, kan overførast*, blir redusert med	14 000 000
		frå kr 65 100 000 til kr 51 100 000	
	72	Noregs forskingsråd – NTP-formål*, kan overførast*, blir redusert med	17 500 000
		frå kr 62 500 000 til kr 45 000 000	
1310		Flytransport:	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter*, kan overførast*, blir auka med	35 500 000
		frå kr 2 498 800 000 til kr 2 534 300 000	
1315		Tilskot til Avinor AS:	
	71	Tilskot til pålagde oppgåver*, kan overførast*, blir auka med	32 500 000
		frå kr 2 221 500 000 til kr 2 254 000 000	
	72	Tilskot til null- og lågutsleppsluftfart*, kan overførast*, blir redusert med ...	20 000 000
		frå kr 40 000 000 til kr 20 000 000	
1320		Statens vegvesen:	
	22	Drift og vedlikehald av riksvegar*, kan overførast, kan nyttast under postane 29, 30 og 32*, blir auka med	50 000 000
		frå kr 11 662 300 000 til kr 11 712 300 000	
	32	Fellesprosjektet Vossebana/E16 Arna–Stanghelle*, kan overførast*, blir redusert med	250 000 000
		frå kr 1 150 000 000 til kr 900 000 000	
	67	Militær mobilitet på fylkesvegar*, kan overførast*, blir redusert med	60 000 000
		frå kr 102 000 000 til kr 42 000 000	
	72	Tilskot til riksvegferjedrifta*, kan overførast*, blir redusert med	50 000 000
		frå kr 3 724 500 000 til kr 3 674 500 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
1352		Jernbanedirektoratet:	
	21	Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, *kan overførast*, blir redusert med	15 000 000
		frå kr 130 700 000 til kr 115 700 000	
	70	Kjøp av persontransport med tog, *kan overførast, kan nyttast under post 71*, blir redusert med	25 600 000
		frå kr 5 709 800 000 til kr 5 684 200 000	
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, *kan nyttast under post 70*, blir redusert med	133 000 000
		frå kr 7 659 000 000 til kr 7 526 000 000	
	72	Kjøp av infrastrukturtenester – fornying og mindre investeringar, blir auka med	154 600 000
		frå kr 8 003 600 000 til kr 8 158 200 000	
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, *kan nyttast under post 74 og kap. 1320, post 32*, blir auka med	350 000 000
		frå kr 8 741 500 000 til kr 9 091 500 000	
	75	Tilskot til godsoverføring frå veg til jernbane, blir redusert med	30 000 000
		frå kr 139 700 000 til kr 109 700 000	
	77	Kompensasjon til godstogselskap etter uventa hendingar, *kan overførast*, blir redusert med	35 000 000
		frå kr 150 000 000 til kr 115 000 000	
1358		Norske tog AS:	
	70	Lån, *kan overførast*, blir redusert med	349 100 000
		frå kr 576 000 000 til kr 226 900 000	
	90	Lån, *kan overførast*, blir redusert med	1 047 100 000
		frå kr 1 728 000 000 til kr 680 900 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	7 460 000
		frå kr 175 300 000 til kr 167 840 000	
4320		Statens vegvesen:	
(NY)	05	Renter frå forskotsbetaling på ferje, blir løyvd med	131 600 000
4358		Norske tog AS:	
	85	Gebyr, blir redusert med	1 400 000
		frå kr 6 100 000 til kr 4 700 000	
4370		Posttenester:	
(NY)	70	Tilbakebetaling posttenester, blir løyvd med	221 900 000
5641		Renter frå Norske tog AS:	
	80	Renter, blir redusert med	38 600 000
		frå kr 399 600 000 til kr 361 000 000	

II

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Samferdselsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samla ramme
1301		Forsking og utvikling mv.	
	71	Noregs forskingsråd	203,5 mill. kroner
	72	Noregs forskingsråd – NTP-formål	344,5 mill. kroner
1315		Tilskot til Avinor AS	
	71	Tilskot til pålagde oppgåver	125,0 mill. kroner
1332		Transport i byområde mv.	
	66	Tilskot til byområde: Mindre investeringstiltak på kommunal veg og fylkesveg i byvekstavtalar	2 650,0 mill. kroner
1352		Jernbanedirektoratet	
	74	Tilskot til togmateriell mv.	590,0 mill. kroner

III

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for kjøp av transporttenester

Stortinget samtykker i at Samferdselsdepartementet i 2026 kan forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving og gi tilsegn om tilskot inntil følgjande beløp:

Kap.	Post	Formål	Samla ramme for gamle og nye forpliktingar	Ramme for forpliktingar som forfell kvart år
1352		Jernbanedirektoratet		
	70	Kjøp av persontransport med tog	37 000 mill. kroner	8 490 mill. kroner

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon